

# Plan for mangfald og inkludering 2018–2025

Vedteken av Time kommunestyre 05.12.2017



Trygg og framtidsretta  
[time.kommune.no](http://time.kommune.no)

# Innleiing

Time kommune har eit aukande kulturelt, språkmessig og livsynsmessig mangfald blant innbyggjarane. Kommuneplanen for Time kommune legg vekt på eit inkluderande samfunn der alle kan bidra med sine ressursar i fellesskapet, og der det kulturelle mangfaldet er ei kjelde til positiv lokalsamfunnsutvikling.

Plan for mangfald og inkludering 2018-2025 skal danna ei felles plattform i integreringsarbeidet, og definera retning og innsatsområde for arbeidet. Temaplanen er forankra i Time kommune sin planstrategi for perioden 2015-2019.

Det er eit mål å styrkja integreringsarbeidet for innvandrarar med vekt på språkopplæring, arbeid, bustad og fritid.

Time kommune har valt fem fokusområde for temaplanen:

- Ny i Norge – ny i Time
- Språkopplæring, kvalifisering og arbeid
- Kultur, fritid og samfunnsseltaking
- Helse
- Kommunen som arbeidsplass

Hovudutfordringane i kvart fokusområde vert kort omtalte i teksten saman med ønskje for kvart tema. Det er knytt ein konkret handlingsdel med tiltak og resultatoppfølging til planen.

Innspel til temaplanen er henta gjennom medverknad frå barn- og unges kommunestyre, ungdom i Møllekjellaren, innvandrarar, lag og organisasjonar, næringsliv og tilsette i ulike kommunale tenesteområde. I tillegg er strategidokumenta for omsorg, oppvekst og kommunikasjon gjennomgått saman med andre relevante planar.

Mot slutten av planen vert det gjeve forklaring på ein del ord og uttrykk som vert nytta i teksten.

# Ny i Norge - Ny i Time

Time kommune er eit lokalsamfunn prega av likeverd og respekt. Innvandrarar som kjem til Time skal oppleva at dei hører til og er ein del av heilskapen.

God tilgang til informasjon om offentlege tenester og lokale tilbod er nødvendig for å kunna orientera seg i kommunen, og delta aktivt i samfunnslivet. Kommunikasjon som ikkje når fram eller vert forstått, skapar barrierar. Ord kan ha ulikt meiningsinnhald i ulike kulturar. Konseptoversetting eller likemannsarbeid er to eksempel på verktøy for å auka forståinga av norske ord og omgrep.

I møte med innbyggjarar med innvandarbakgrunn kan språk og kulturforståing vera ei utfordring for kommunale tenesteytarar. Fleirkulturell kompetanse og kunnskap i bruk av ulike typar tolketenester er viktig for medarbeidarar i alle tenesteområda. Som eksempel har Strategiplan oppvekst 2016-2022 og Strategiplan omsorg 2013-2025 mål om å auka den interkulturelle kompetansen hos tilsette.

Samfunnet vert stadig meir digitalisert. Time kommune legg opp til at innbyggjarane i større grad enn før vert sjølvhjelpte. Kunnskapsbehov om tekniske ferdigheter og forståing av kva nye løysingar inneber, vil auka. For innvandrarar utan norsk språk eller digital kompetanse kan dette vera ei utfordring. Samtidig kan digitallisering gjera det mogleg å tilpassa informasjon og prosedyrar betre til fleire kultur- og språkgrupper.

Som ny i Time har det i periodar vore vanskeleg for innvandrarar å skaffa seg ein stad å bu. Tilgangen på utleigebustader varierer i takt med opp- og nedturar i arbeidsmarknaden. Det same gjeld bustadprisane. I tider med høge bustadprisar aukar presset på kommunale bustader. Kommunen har verkemiddel for å hjelpe innbyggjarar med låg inntekt og helseutfordringar inn på bustadmarknaden.

## Dette vil me gjera:

- Minska språklege og kulturelle barrierar som hindrar deltaking i samfunnet
- Sikra at kommunale digitale løysingar er tilgjengelege og lette å bruka
- Skaffa nok kommunale og innleigde bustader

## Slik vil me gjera det:

- Sørgja for at informasjonen kommunen gjev er tilgjengeleg og forståeleg
- Gje tilsette med brukarkontakt tilstrekkeleg fleirkulturell kompetanse
- Prøva ut ulike typar tolking i kommunale fagområde
- Auka innvandrarar si deltaking på opplæring i bruk av digitale løysingar
- Leggja til rette for at innvandrarar med låg inntekt eller helseutfordringar kan etablera seg på bustadmarknaden

# Språkopplæring, kvalifisering og arbeid

**Språkkunnskap er ein inngangsport til deltaking og inkludering i samfunnet. I Time vert det lagt stor vekt på at innbyggjarar skal ha tilgang på god språkopplæring og kulturkunnskap.**

Det er avgjerande for god integrering at minoritetsspråklege barn trivst og lukkast i skulen. Barn og unges kommunestyre gav i 2016 innspel til kva dei meiner må til for at nye elevar med innvandrarbakgrunn skal ha ein god skulekvardag. Innspela gjekk mellom anna ut på å ta kontakt og vera ein god venn, gje nokre elevar eit særleg ansvar for å ta seg av utanlandske elevar den første tida på skulen, bruka eit vennleg språk og læra bort ein leik, song eller anna frå heimlandet.

Skulane og barnehagane i Time legg stor vekt på opplæring i språk og kultur for fleirspråklege elevar. Tiltaka går fram av Strategiplan oppvekst 2016-2022.

Elevar i grunnskulealder som ikkje kan norsk, får undervisning ved Bryne kompetansesenter fram til dei vert flytta til nærskulen. Foreldre med bakgrunn frå andre skulesystem enn det norske, kan ha andre forventningar til skulen enn norske foreldre. I tillegg kjem dei språklege utfordringane. Dette krev at lærarar og foreldre samarbeider godt for å avklara forventningar og oppnå felles forståing av eit godt læringsmiljø.

Vaksne innvandrarar kan få opplæring i norsk ved Bryne kompetansesenter. Flyktninger som vert busette i kommunen, har i tillegg rett og plikt til å delta i eit introduksjonsprogram. Programmet har fokus på opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og skal kvalifisera til arbeid eller vidare utdanning.

Arbeid er ei kjelde til inntekt, god helse, sjølvrespekt og sjølvrealisering. Det er eit mål at innvandrarar skal delta i arbeidslivet og forsørgja seg sjølve. Mange innvandrarar strevar med å få innpass i arbeidslivet. I 2016 gjekk 40 % av deltakarane som avslutta introduksjonsprogrammet over i arbeid eller utdanning, medan 27 % fekk tiltak i regi av NAV. Samarbeid på tvers av tenesteeiningar i kommunen og med næringslivet, er avgjerande for å auka yrkesdeltakinga for innvandrarar og flyktningar.

## Dette vil me gjera:

- Leggja til rette språkopplæringa slik at innvandrarar får eit godt grunnlag for utdanning og arbeid
- Betra integreringa i arbeidslivet gjennom styrka samarbeid mellom ulike einingar

## Slik vil me gjera det:

- Arbeida for at minoritetsspråklege barn bør gå i barnehage
- Leggja til rette for gode overgangar frå Bryne kompetansesenter til nærskulane
- Styrkja samarbeidet mellom innvandrarforeldre og skule
- Arbeida for eit meir individuelt tilrettelagt introduksjonsprogram for flyktningar
- Etablira fleire praksisplassar i kommunen
- Få til gode overgangar frå norskopplæring og introduksjonsprogram til utdanning og arbeid

# Kultur, fritid og samfunnsdeltaking

Time er ein open og inkluderande kommune som ser på mangfald som ein ressurs der innvandrarar, frivillige lag og organisasjonar, næringsliv og kommune deler kunnskap og erfaringar.



Møteplassar der ulike kulturuttrykk og fritidsaktivitetar får gro er verkemiddel for å skapa dialog og samhandling mellom innbyggjarar i kommunen. Frivillig sektor er svært viktig for å skapa møteplassar og deltaking. Lag og organisasjonar legg til rette for sosialt engasjement, interessebasert kultur- og fritidsaktivitet og aktive demokratiske arenaer. Kommunen har ei viktig rolle som bidragsytar og tilretteleggjar.

Deltaking i frivillige lag og organisasjonar er viktig for integrering i lokalsamfunnet. Det er eit mål at innvandrarorganisasjonane vert meir synlege og i større grad deltek ved arrangement og felles aktivitetar i kommunen. Time har i dag seks innvandrarorganisasjonar som er registrerte i Brønnøysundregisteret. Elles har me fleirkulturelle møteplassar som språkkafeen Snakkis, Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA) og den internasjonale kvinnegruppa Femira. Fleire av desse møteplassane vert brukte på tvers av kommunegrensene.

Det er eit mål å auka valdeltakinga blant innbyggjarar med innvandrabakgrunn. Få personar med innvandrabakgrunn deltek i politiske råd og utval i kommunen. For å synleggjera interessene til innvandrarane i Time, er det ein innvandrarrepresentant med i det kommunale Senior- og Brukarrådet.

## Dette vil me gjera:

- Synleggjera det kulturelle mangfaldet i kommunen
- Bruka eksisterande arenaer som fleirkulturelle møteplassar
- Auka innvandrarar sin kunnskap om korleis lokaldemokratiet fungerer

## Slik vil me gjera det:

- Få fleire innvandrarar til å vera aktive i organisasjons- og kulturliv
- Ta initiativ til og engasjera frivillige organisasjonar til å byggja fleirkulturelle fellesskap
- Sørgja for at innbyggjarar med innvandrabakgrunn deltek på politiske arenaer i kommunen

# Helse

**God helse er viktig for å meistra kvardagen og ha eit godt liv. Helse vert skapt der folk bur, leikar, lærer og arbeider. Dette er dei viktigaste områda for helsefremjande og førebyggjande innsats.**

Utjamning av sosiale helseforskellar fremjar folkehelse. Dette krev innsats på ulike samfunns- og tenesteområde som barnehage, skule og fritid.

Nokre innvandrgrupper har større risiko for særskilde helseproblem som diabetes, hjartekarsjukdom og psykiske lidinger. Slike utfordringar kan hengja saman med tidlegare erfaringar, men også endra kosthald og aktivitetsnivå i ein ny kultur. I tillegg påverkar utdanning og økonomi folk si helse. Oppleving av einsemd og utanforskap kan bidra til uhelse.

Kommunen tilbyr rettleiing i endring av livsstil for alle innbyggjarar gjennom frisklivsentralen, legetenesta og helsestasjonen. Andre kommunale tenester, lag og organisasjonar, har tilbod om ulike aktivitetar som er retta mot innvandrarar. Det å delta i slike aktivitetar betyr også mykje for fysisk og psykisk helse.

Å gje helse- og omsorgstenester til innvandrarar kan krevja særleg kompetanse. Dette gjeld både kulturforståing, kunnskap om helseutfordringar for ulike folkegrupper og andre utfordringar knytt til det å vera i migrasjon. Det er viktig at dei språklege barrierane vert reduserte i møte mellom innvandrarar og helsepersonell. Bruk av tolk i samtalar kan redusera misforståingar, og auka kjensla av tryggleik for begge partar.

## Dette vil me gjera:

- Førebyggja helseutfordringar hos innvandrarar i kommunen
- Møta helseutfordringane blant innvandrarar på ein god måte

## Slik vil me gjera det:

- Bidra til at innvandrarar har tilstrekkeleg kunnskap til å ta vare på eiga helse
- Gje tilsette tilbod om opplæring i kulturforståing, helseutfordringar og utfordringar knytt til det å vera i migrasjon



# Kommunen som arbeidsplass

**Time skal vera ein kommune der ein ser på mangfald som det normale, og ein ressurs for organisasjonen.**

Rekrutteringsstrategien har som mål at Time kommune skal ha fleire tilsette med innvandrarbakgrunn. For å auka delen av tilsette med slik bakgrunn, kan kommunen setja seg mål om at ein viss prosent av dei tilsette har utanlandsk opphav.

Det norske samfunnet vert stadig meir fleirkulturelt. Om lag 12 % av innbyggjarane i Time har innvandrarbakgrunn. Demografiske endringar gjer at behovet for kommunale tenester vil auka i framtida. Kommunen treng tilsette med innvandrarbakgrunn for å kunna yta gode tenester til alle innbyggjarane. Ein fleirkulturell arbeidsplass gjev ei breidd i kompetansen som i seg sjølv er ein ressurs. Det er viktig å nytta dette i kommunen si tenesteutvikling.

For å kunna nytta kompetansen sin i arbeidslivet er det avgjerande å forstå språket og kulturen på arbeidsplassen. Kunnskap og forståing om korleis det norske arbeidslivet fungerer, er viktig for å lukkast. Kulturelle, historiske og sosiale koder kan vera ein barriere. For at arbeidsplassen kan nytta mangfaldet godt, må det vera kultur for å setja pris på at tilsette har ulik bakgrunn og kan bidra med andre måtar å tenkja på.

Det er ei utfordring at tilsette med innvandrarbakgrunn ikkje får brukt kompetansen dei har med seg fullt ut fordi godkjenning er komplisert og tek lang tid.

## Dette vil me gjera:

- Spelg mangfaldet i befolkninga i rekrutteringsprosessar
- Leggja til rette for at tilsette med innvandrarbakgrunn har tilstrekkeleg kunnskap om norsk språk og arbeidsliv
- Skapa ein arbeidsplass der tilsette med ulik kulturell bakgrunn trivst og utviklar seg

## Slik vil me gjera det:

- Sjå til at kvalifiserte søkerar med minoritetsbakgrunn vert kalla inn til intervju til ledige stillingar
- Tilby kurs i norsk språk og arbeidsliv
- Heva leiarane sin fleirkulturelle kompetanse
- Heva organisasjonen sin kompetanse når det gjeld godkjenning av utanlandsk utdanning

# Ordforklaringsar:

**Arbeidsinnvandrar:** person som har lovleg opphold i Norge for å jobba. Statsborgarar frå EU/EØS/EFTA-land kan bu i Norge og arbeida utan å søkja om opphaldsløyve, men må registrera seg hos politiet for opphold på over tre månadar. Personar frå dei andre nordiske landa treng verken opphaldsløyve eller å registrera seg hos politiet. Arbeidsinnvandring skjer også frå land utanfor EØS-området, mellom anna for ein del typar korte arbeidsforhold eller oppdrag.

**Familieinnvandrar:** felles omgrep på utanlandske personar som får opphold i Norge fordi dei anten har familie som bur lovleg i Norge, eller dei er gifte med ein norsk statsborgar. Familieinnvandring vert først og fremst gjeve til nære familiemedlemmar som ektefeller, registrerte partnarar, sambuarar i minimum to år og barn under 18 år. For å få løyve til familieinnvandring vert det som hovudregel stilt krav om at den som allereie bur i Norge skal kunna forsørgja dei som kjem.

**Flyktning:** person som har fått asylstatus eller som har fått opphold etter FN sin flyktningkonvensjon. Norge gjev begge desse gruppene flyktningstatus, med dei rettane som følgjer med.

**Inkludering:** samfunnet ser på forskjellar og mangfold som verdi, styrke og ressurs. Den enkelte opplever å høyra til i eit sosialt fellesskap, og får realisert potensialet sitt både menneskeleg og fagleg, uavhengig av bakgrunn, kjønn og føresetnader.

**Innvandrar eller person med innvandrabakgrunn:** Ein innvandrar er ein person som har opphold og bur i Norge, men er fødd i utlandet av utanlandske foreldre. Personar med innvandrabakgrunn er innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre.

**Konseptoversetting:** innvandrarar som er godt integrerte i norsk sosialt liv og arbeidsliv, og som har erfaring og god kunnskap frå eige land, finn parallellar frå heimkulturen sin for å forklara det norske meiningsinnhaldet i ord og uttrykk.

**Likemannsarbeid:** samhandling mellom personar som opplever å vera i same båt, det vil seia same livssituasjon. Målet med samhandlinga er at partane hjelper, støttar eller rettleiar kvarandre.

**Migrasjon:** folkevandring, eller inn- og utvandring. Stort sett vert uttrykket assosiert med vandring mellom statar, men det uttrykkjer også flytting internt i eit land, uavhengig av årsak og lengd.

**Minoritetsspråkleg:** vert brukt om personar i Norge som ikkje har norsk som førstespråk eller morsmål.

# Handlingsprogram

Handlingsprogram for perioden 2018-2025:

<b>Ny i Norge – Ny i Time</b>			
<b>Dette vil me gjera:</b>	<b>Tiltak:</b>	<b>Ansvar:</b>	<b>Tidsperiode:</b>
Sørgja for at informasjonen kommunen gjev er tilgjengeleg og forståeleg	Vidareutvikla kommunen si nettside på utvalde språk	Kommunikasjonsavdeling a	I periode
	Vurdera kva informasjonskanalar som er tenlege å bruka for å nå ut til målgruppa	Kommunikasjonsavdeling a og flyktningtenesta	I periode
	Prøva ut konseptoversetting som metode	Flyktningtenesta	2019
	Prøva ut likemannsarbeid som metode	Time bibliotek	2018 – 2019
	Skaffa brosjyremateriell og informasjonsark om helse på fleire språk	Kommuneoverlegen	2018
	Utarbeida informasjon om helse og helsetenester på engelsk, med link til nasjonal helseinformasjon	Kommuneoverlegen	2018
	Utarbeida informasjon om fritidstilbod på fleire språk	Kultur/fritid	2018
Gje tilsette med brukarkontakt tilstrekkeleg fleirkulturell kompetanse	Tilby kurs som del av intern opplæringsplan	Organisasjonsavdelinga	I periode
Prøva ut ulike typar tolking i kommunale fagområde	Ha kunnskap om når tolk bør brukast, og kva type tolk som passar best til oppdraget	Tenesteleiarar	I periode
	Tilby kurs som del av intern opplæringsplan	Organisasjonsavdelinga	I periode
Auka innvandrarar si deltaking på opplæring i bruk av digitale løysingar	Gje rettleiing og hjelp til dei som ikkje meistrar digitale verktøy og søknadsprosessar	Servicetorget, NAV, flyktningtenesta	I periode
	Invitera med innvandrarar på kurs i bruk av digitale løysingar	Time bibliotek	I periode

Leggja til rette for at innvandrarar med låg inntekt eller helseutfordringar kan etablera seg på bustadmarknaden	Bruka Husbanken sine bustadsosiale verkemiddel som startlån og tilskot til etablering aktivt	Eigedom	I periode
	Sørgja for rotasjon i kommunale utleigebustader	Eigedom	I periode
	Ha fokus på universell utforming ved kjøp av kommunale bustader	Eigedom	I periode
<b>Språkopplæring, kvalifisering og arbeid</b>			
Dette vil me gjera:	Tiltak:	Ansvar:	Tidsperiode:
Arbeida for at minoritetsspråklege barn bør gå i barnehage	Sikra nok barnehageplassar i og nær Bryne sentrum	Stab oppvekst	I periode
	Bevisst rekruttera minoritets-språklege barn inn i barnehage via helsestasjon, open barnehage, kompetancesenter, NAV og flyktningteneste	Stab oppvekst Flyktningtenesta	I periode
Leggja til rette for gode overgangar frå Bryne kompetancesenter til nærskulane	Sikra at skulane har ein plan for å ta imot og skapa gode relasjoner og eit trygt miljø når barn som er nye i Norge kjem til nærskulen	Stab oppvekst	2018/2019
	Sørgja for at elevråda gjennomfører tiltak for at barn som er nye i Norge skal trivast på nærskulen	Kontaktlærar for elevråd	I periode
Styrkja samarbeidet mellom innvandrarforeldre og skule	Testa ut kurs for innvandrarforeldre og skule i å byggja bru mellom ulike kulturar	Flyktningtenesta og stab oppvekst	2018/2019
Arbeida for eit meir individuelt tilrettelagd introduksjonsprogram for flyktningar	Utarbeida mal for individuell plan etter nye føringar frå fylkesmannen	Flyktningtenesta og Bryne kompetancesenter	2018
	Laga ein plan for korleis norskopplæringa for vaksne kan differensierast mellom arbeidsretta norskopplæring og norskopplæring med eit meir skuleretta løp	Bryne kompetancesenter	2018/2019

Etablera fleire praksisplassar i kommunen	Arbeida for at kommunale einingar viser vilje til å ta i mot innvandrarar i praksis	Organisasjonsavdelinga	2018-2020
	Ha rutinar for oppfølging av praksisplassar i kommunen	Flyktningtenesta og NAV	2018-2019
	Prøva ut fadderordning i kommunale einingar som har praksisplassar for personar med innvandrabakgrunn	Stab oppvekst, omsorg og samfunn	2018-2020
	Bruka tilsette med fleirkulturell bakgrunn som ressurs på tvers av tenesteområda, f.eks. som lekse- eller språkhjelparar	Bryne kompetansesenter og flyktningtenesta	2018-2020
Få til gode overgangar frå norskopplæring og introduksjonsprogram til utdanning og arbeid	Styrkja samarbeidet mellom flyktningtenesta, Bryne kompetansesenter og NAV	Flyktningtenesta, Bryne kompetansesenter og NAV	2018
	Bruka tiltak via NAV aktivt med mål om inntektsgjevande arbeid	NAV	I periode
	Evaluera i kor stor grad arbeidsmarknadskurs, sertifisering og andre tiltak styrkar innvandrarane sine moglegheiter på arbeidsmarknaden	NAV	2018-2019
	Sikra god yrkesrettleiing og bruk av karrieresenteret på Bryne	Flyktningtenesta og NAV	I periode
	Vurdera om Bryne kompetansesenter kan fungera som arena for kompetansebygging for tilsette i skulen	Bryne kompetansesenter	2018/2019
<b>Kultur, fritid og samfunnssdeltaking</b>			
Dette vil me gjera:	Tiltak:	Ansvar:	Tidsperiode:
Få fleire innvandrarar til å vera aktive i organisasjons- og kulturliv	Etablera tettare samarbeid mellom Time bibliotek og Time frivilligsentral	Time bibliotek og Time frivilligsentral	2018
	Utvikla nye tilbod ut frå behov hos brukarane av	Time bibliotek og Time frivilligsentral	I periode

	Time bibliotek og Time frivilligsentral		
	Oppsøkja innvandrargrupper og tilby hjelp til etablering av organisasjonar og opplæring i organisasjonsarbeid	Kultur/fritid	I periode
	Gje målretta informasjon om kommunale lokalitetar som lag og organisasjonar kan nytta til aktivitetane sine	Kultur/fritid	I periode
	Utarbeida oversikt over støtteordningar og utstyrspool for fritidsaktivitetar	Kultur/fritid, Time frivilligsentral og NAV	2018
Ta initiativ til og engasjera frivillige organisasjonar til å byggja fleirkulturelle fellesskap	Arrangera årleg inspirasjonssamling for organisasjonar og frivillige	Kultur/fritid	I periode
	Tilby ulike kurs innan integrering og inkludering til organisasjonar og frivillige	Kultur/fritid	I periode
	Setja av eigne tilskotsmidlar til lag og organisasjonar som driv eller vil driva tiltak retta mot innbyggjarar med innvandrarbakgrunn	Kultur/fritid	2018
	Oppmoda lag og organisasjonar om å ha fadderordning for å få med fleire innvandrarar	Kultur/fritid	I periode
	Søkja om midlar til prosjektstilling som frivilligkoordinator knytt til Time frivilligsentral	Kultur/fritid og Time frivilligsentral	2018
Sørgja for at innbyggjarar med innvandrarbakgrunn deltek på politiske arenaer i kommunen	Målretta arbeidet mot innbyggjarar med innvandrarbakgrunn i forbindelse med val	Kommunikasjonsavdeling a og politisk sekretariat	I periode
	Ha med tiltak retta mot innvandrargruppa når plan for lokaldemokrati skal reviderast	Kommunikasjonsavdeling a og politisk sekretariat	2018
	Sørgja for at elevar 6-16 år som går på	Bryne kompetansesenter	I periode

	grunnleggjande norskopplæring ved Bryne kompetansesenter deltek fast i barn- og unges kommunestyre		
<b>Helse</b>			
Dette vil me gjera:	Tiltak:	Ansvar:	Tids-periode:
Bidra til at innvandrarar har tilstrekkeleg kunnskap til å ta vare på eiga helse	Gje rettleiing i endring av livsstil	Frisklivsentralen	I periode
	Halda fram med å arrangera «Bra mat»-kurs for flyktingar	Helhestasjonen	I periode
	Gje rettleiing til flyktingar om normale reaksjonar på traumatiske opplevingar	Helhestasjonen	I periode
	Vurdera å få inn fysisk aktivitet som del av introduksjonsprogrammet for flyktingar	Frisklivsentralen	2018
Gje tilsette tilbod om opplæring i kulturforståing, helseutfordringar og utfordringar knytt til det å vera i migrasjon	Tilby kurs for tilsette i omsorg og helse- og rehabilitering	Tenesteleiarar	I periode
<b>Kommunen som arbeidsplass</b>			
Dette vil me gjera:	Tiltak:	Ansvar:	Tids-periode:
Sjå til at kvalifiserte søkerar med minoritetsbakgrunn vert kalla inn til intervju til ledige stillingar	Sørgja for at stillingsannonser inneheld mangfaldserklæring	Organisasjonsavdeling	2018
Tilby opplæring i norsk språk og arbeidsliv	Tilby kurset «Kompetansepluss» i intern opplæringsplan	Organisasjonsavdeling og Bryne kompetansesenter	I periode
	Tilby ulike kurs innan språkforståing, kultur, HMS, miljøretta helsevern og relevant lovverk til tilsette med innvandrarbakgrunn	Organisasjonsavdeling	I periode
	Motivera og leggja til rette for kompetanseutvikling i	Tenesteleiarar	I periode

	tenesteområda for dei som vil ta fagbrev innan arbeidsfeltet		
Heva leiarar og tilsette sin fleirkulturelle kompetanse	Sjå til at leiaropplæringa inneheld fleirkulturell leiing og kompetanse	Organisasjonsavdeling	I periode
	Tilby ulike kurs innan fleirkulturell kompetanse som del av intern opplæringsplan	Organisasjonsavdeling	I periode
Heva organisasjonen sin kunnskap om rutinar for godkjenning av utanlandsk utdanning	Leggja ut informasjon på intranett om rutinar for godkjenning av utdanning for tilsette	Organisasjonsavdeling	2018